

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](http://helse-forde.no)

**Gode kolleger.**



Siste nytt

### **Spørsmål om konferanseplikt ved ØH innlegging**

Pr no eksistere det ingen koneranseplikt ved ØH innleggingar i Helse Førde, men skal det leggest inn pasientar ved andre avdelingar enn medisin, kirurgi og ortopdi skal vakhavande lege kontaktast slik som rutinen alltid har vore.

Ved innleggingar ved Nordfjord og Lærdal sjukehus gjeld andre rutinar. Ingen endring her, men minner om desse. Klinikkdirktør ved medisinsk klinikk skriv om dette:

"Men for lokalsykehusene inngår det fortsatt i rutinen at innleggende lege skal melde pasientene telefonisk til LIS 1.

Dette er ikke det samme som konferanseplikt, for man blir ikke møtt med spørsmål om man kan løse situasjonen på en annen måte, utsette innleggelse til neste dag el.l.

Men vi har altså fortsatt med telefonisk innmelding fordi LIS 1 da kan hente inn overlegen eller løse ut MAT-team i forkant de gangene det fremstår akutt.

Dette er altså en ekstra sikring for å være forberedt der LIS 1 ikke har tilstede bakvakt med LIS 2/3 slik man har det i Førde. Og så det andre sentrale poenget: Man ønsker å fange opp og eventuelt få diskutert med FSS de pasientene hvor LIS 1 kommer i tvil om pasienten bør rutes til FSS.

Jeg vil kanskje tro at det er denne rutinen som av noen er blitt oppfattet som en konferanseplikt."

Heile prosedyren finn ein her

[ØH innlegging indremedisin - nordfjord og lærdal..pdf](#)

### **Informasjon om Arbeidsrettet behandling for angst og depresjon ved Institutt for Psykologisk Rådgivning (IPR) – kontor plass Førde**

*Behandlinga foregår i Førde og henvisingar for vårt område sendast som vanleg elektronisk tilvising til psykiatrisk klinkk i Helse Førde og merkast "Arbeid og Helse-IPR". Henvisninga blir vurdert der og*

*sendt videre til IPR etter deira kapasitet*

Minner om dette tilbudet som framleis eksisterer og som tidlegare har vore orientert om av samhandlingslegane.

[Informasjon om Arbeidsrettet behandling v IPR 1.pdf](#)

### **VeRaVest - SKIL kurs i radiologi for allmennlegar**

I prosjektet «Verdibasert radiologi i Helse Vest» ønsker vi å auke verdien av dei radiologiske tenestane for diagnostikk av muskel- og skjelettlidingar i Helse Vest. Ved hjelp av elektroniske tilvisingsråd, kurs og tilbakemelding på eigen tilvisningspraksis er målet å auke kvaliteten i tilvising slik at dei radiologiske tenestane brukast best mogleg til nytte for pasientane

Som ein del av prosjektet har SKIL utarbeida kurset Verdibasert radiologi. Kurset er laga for smågrupper i allmenmedisin, og består av e-læringsmodul og to møter som skal holdast med 3 månaders mellomrom. Kurset er godkjent som 8 timars valfritt kurs til vidare- og etterutdanning i allmenmedisin.

[VeRaVest - Helse Bergen HF \(helse-bergen.no\)](#)

### **MRSA og tilvising til kvinneklinikken**

Overlege Astrid Rege ved kvinneklinikken skriv i ein epost til samhandlingslegane

"Vi har jo på eit blunk fått mange nye ukrainske medborgarar i fylket. Og det er flott!

På same tid må vi vere obs på MRSA-smitte. Vi er veldig nøye på dette, og hjå dei som ikkje har vore i kontakt med helsetenesta før (som gjeld for dei fleste av dei vi får henvist), brukar vi å ringe til legekantoret for å høyre om det er aktuelt å ta MRSA-prøve. Dette er tidkrevjande. Avklaring om ein skal ta MRSA-prøve av pasientane må skje før dei kjem inn til oss!

Om det står "MRSA ikkje akuel" i henvisinga, sparer det oss for mykje arbeid. Når det ikkje står noko må vi etterlyse"

### **Oppdatert kontaktinformasjon til forløpskoordinatorane for kreft**

Hanne Elin Skår har sendt samhandlingslegane oppdatert info om kontaktinformasjon til forløpskoordinatorane.

[Forløpskoordinator pakkeforløp kreft oppdatert mai 2024.pdf](#)

Nettsida til kreftpakkeforløpet i Helse Førde skal til ei kvar tid vee oppdatert jfr lenke her [Pakkeforløp for kreft - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

### **Tilbod om lymfødembehandling i kommunane**

Samhandlingslegane har fått spørsmål frå fastlegar omkring tilbod om lymfødembehandling. Helse Førde gir ikkje lenger dette tilbodet og ikkje alle kommunar har fysioterapeuter med denne kompetansen. Mari Bårdvik, Seksjonsleiar for klinisk fysioterapi og førebygging i Helse Førde har hjulpet oss med å skaffe til veie oversikt over kor tilboda finst i kommunane.

Lista under er dei tilbod ho fått informasjon om så langt. Kjenner kolleger til fleire fysioterapeuter som gir dette tilbodet takker vi for tilbakemelding og vi skal då oppdatere lista.

Bremanger:

Fysioterapeut Asle Førde, tlf 99418919

Sunnfjord:

Aktiv Fysio - og manuellterapi i Førde, Aud Vassbotten Storøy, tlf 46920369.

Fysio/ ergoavd Naustdal, Nora Karoline Berge, tlf 57816039.

Magnus Liene ( helprivat), tlf 99377451

Kinn:

Florø, spesialfysioterapeut Camilla Mæland Fosse, tlf 91734430 ( fram til januar / februar 2025).

Gloppen:

Fysioterapeut Jannicke Felde, tlf 95828896

Stryn:

Olden: Drageset Akupunktur og Fysioterapi AS, Fysioterapeut Jørn Sunde Drageset, tlf 41654128

Høyanger:

Lavik Helsecenter, Fysioterapeut Steffi Storch, tlf 99219340.

Luster kommune

Fysioterapeut Linda Hermansen 98903837



### Samhandlingskalender

#### Nasjonal samhandlingskonferanse for leger (tidlegare nasjonal PKO konferanse)

Dato: Torsdag 6. og fredag 7. juni.

Stad: Losby gods ( [Losby hotell - Europas best historiske hotell 2019 - Losby Gods](#)) sør om Oslo

“Når krybben er tom bites hestene”, sier et gammelt ordtak. Dagens virkelighet i helsetjenesten er at alle løper for å opprettholde forsvarlig drift. Samhandling blir saldert bort. Når det går galt peker alle på hverandre. Ahus tar grep og arrangerer Nasjonal samhandlingskonferanse for leger.

#### Målgruppe

Samhandlingsleger, avtalespesialister, fastleger, leger i kommunale institusjoner, sykehusleger, leger i samfunnsmedisinske stillinger.

#### Godkjenninger

Allmenntidrett: godkjennes med 15 poeng som emnekurs i samhandling for leger i spesialisering og med 15 valgfrie kurspoeng for spesialistenes etterutdanning (forlengelse av retten til tilleggskost).

Samfunnsmedisin: godkjennes med 15 timer som valgfritt kurs for leger i spesialisering og spesialistenes etterutdanning.

*Kurset bidrar til å dekke følgende læringsmål i ny spesialistordning: ALM-015, 018, 056, og 075, SAM—020 og 045.*

[Nasjonal samhandlingskonferanse for leger - Kompetansebroen](#)

### **Erfaringskonferansen psykisk helse og rusarbeid - samhandlingskonferanse mellom kommunane og Helse Førde**

Tid: 12.-13.06.24. Oppstart onsdag kl. 10 - ferdig torsdag kl. 13.

Stad: Thon Hotell, Skei

Om Erfaringskonferansen

Erfaringskonferansen vert arrangert anna kvart år av Helse Førde og KS. Her er det mogleg å drøfte tilgjengeleg styringsinformasjon, erfaringar og forbetringpunkt i samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta.

Innhaldet på konferansen vil vere tett knytt til praksis, og vere relatert til vekslinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Ein vil freiste å sjå nærare på korleis gjeldande samarbeidsavtalar og rutinar fungerer i den praktiske kvardagen.

Målgruppa er leiarar og tilsette både i første- og andrelinjetenesta som har sin arbeidskvardag i dette «samhandlingsrommet», samt brukar- og pårøranderepresentantar.

**Årets tema er psykisk helse og rusarbeid.**

[Erfaringskonferanse 2024 - Jun 12, 2024 | Checkin](#)

### **Diabetesforum Vestland**

Tid: 14.11.24. kl. 10-15.30. - 6 godkjente kurstimar/del av emnekurs

Godkjent som emekurs (totalt 15 timar) saman med 9 timars digitalt kurs live på Zoom som går den 03.09, 17.09, og 24.09 frå kl. 18-21. Mulegheit for å sjå opptaka i etterkant.

<https://www.diabetes.no/diabetesforum24>

Med helsing

### **Normund Rolleiv Svoen**

Samhandlingslege

Leiar for samhandlingslegeordninga i Helse Førde (tidegare PKO)

Mobil 95770807

Privat epost: [svoens@gmail.com](mailto:svoens@gmail.com)

Virtuelt møterom: 997564

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

Helse Førde HF

[Forside - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](#)

